

Kabuso 2018-20, KUNST, ARV OG ENDRING

Kunsthuset Kabuso er lokalisert i Øystese i Hardanger og blei bygd som Hordaland Fylkeskommunes Tusenårsstad. Bygget stod ferdig i 2006 og Kabuso blei del av det konsoliderte museet Hardanger og Voss museum (HVM) i 2008. Det inneheld visningsrom for visuell kunst, ein kammermusikksal samt ein kafé og er med sine ulike funksjonar ein viktig arena for kulturlivet i regionen. Kabuso forvaltar og ei samling med skulpturar av Ingebrigt Vik samt Hardanger Skyspace, ein lysinstallasjon av den amerikanske kunstnaren James Turrell, begge i særmerkte bygg.

Kabuso har heilt sidan starten vist utstillingar på eit høgt kunstnarleg nivå, med fleire internasjonale og nasjonale størrelsar. Dette har bidrege til å skapa eit godt renommé i det faglege miljøet. Føringsane for aktivitet og program ligg i visjonen HFK etablerte for Kabuso og me ønskjer å bygge vidare på det arbeidet som er gjort. I dei neste tre åra planlegg me å sjå nærare på det geografiske og kulturelle området der institusjonen ligg, med kunstnarlege prosjekt som tek utgangspunkt i regionen, like gjerne grunna i historisk materiale som dagsaktuelle tema. Hardanger har ein djup tradisjon innan folkemusikk og kulturarv, det er og ein region der tung industri og kraftforsyning bryt med natur-turisme og fruktgarder. Me ønskjer å sjå nærare på vår tilknytning til verda, dei ulike sjølvbileta me forvaltar og korleis dei har blitt forma, sett i lys av dagens utfordringar og oppgåver.

Intensjonen er å legge til rette for at kunstnarane kan utvikle prosjekt over tid. Me ønskjer å gje dei tilgang til og/eller opphald på dei ulike avdelingane som er aktuelle for den enkelte, i tillegg til andre ressursar HVM kan tilby. Kabuso skal sjølv kuratere og produsere utstillingane.

Kunstnarleg program 2018 – 20, Kunstnarar:

Kabuso har invitert kunstnarar med kunstnarlege prosjekt der sentrale spørsmål knytt til forvaltning og forståing av natur og kulturarv skal få tid til å utviklas. I dette ligg og spørsmål om kva som formar synet vårt på verda. Ambisjonen er å grave i brytninga mellom arv og endring.

Ein liten forsmak på programmet opnar allereie 7.6.18 og er ei visning av en serie broderi av **Kristin Lindberg**. De broderte kvadratane i silke, lin og viskose har Lindberg laga i samarbeid med ei gruppe kvinner på Sri Lanka.

01 Den første store produksjonen opnar i november 2018 med kunstnaren **Ine Harrang**. Utstillinga tek utgangspunkt i samlinga etter **Johan Havaas** (1864-1956) og hans virke som internasjonalt anerkjend forskar på lav med utstrakt kommunikasjon med universitet og museum over store delar av verda. Harrang har

besøkt Granvin Bygdetun som forvaltar noko av arva etter Havaas. Ho utviklar på basis av samlinga samt dei omfattande reisene hans ein installasjon med glas og lav. **Tor Tønsberg**, professor ved UIB med lav som sitt felt, deltek i utviklinga av prosjektet som faglig ressurs. Frå UiB har Kabuso tilbod om låne en av Havaas dublettar (Herbarium) til utstillinga. I tillegg til lavsamlinga etter Havaas satsar Kabuso på å vise nokre av dei botaniske akvarellane til **Torkel Lillefosse** (1868-1946). Plantesamlingane han sende til universitetsmusea i Oslo og Bergen, er dei største og mest allsidige me har frå Hordaland og Sogn og Fjordane.

02 Trond Hugo Haugen og Kine Lillestrøm er invitert for å lage stadsspesifikke kunstverk på Kabuso haust 2019. Den arkitektoniske utforminga av bygnaden Kabuso er eit fysisk utgangspunkt for kunstverka. Bygget, med sin særeigne arkitektur, skriv seg inn i ei historie forma av modernismen med sine funksjonelle krav og strame form. Likevel, det er og mogleg å sjå visuelle abstraksjonar av kringliggande natur i korleis bygnaden er utforma, noko som bringar inn eit brot og ein dissonans med det urbane idealet i modernismen.

<http://www.trondhugo.no/> <http://www.kinelillestrom.com/>

03 Maia Urstad og Lars Ove Toft har takka ja til et residens-opphald på Hardanger Folkemuseum på Utne, der lyden av Hardingfela vil være eit av forskingsobjekta for ei utstilling på Kabuso vinteren 2019-20. Urstad er ein etablert lydkunstnar, hennar siste store prosjekt er ein omfattande lydinstallasjon i offentleg rom i Bonn, Tyskland, der ho var årets lydkunstnar i 2017. Ho utviklar ofte installasjonar der radio og radiobølgjer spelar ei sentral rolle. Toft er knytt til Bergen senter for elektronisk kunst (BEK) som leiar, men no i kunstnar-permisjon.

<http://www.maia.no/>

04 Jana Winderen har bakgrunn frå matematikk, fiskeøkologi og kjemi. Ho brukar hydrofonar for opptak av lyd i og under vatn, lydar som er vanskeleg for folk å oppfatta utan hjelpemedel. Ho er invitert til å undersøkje området's undervassliv og økologi. Planen er å vise hennar verk i samband med Urstad/Toft.

<http://www.janawinderen.com/>

05 Margrethe Brekke har i fleire prosjekt sett nærare på det grønne skiftet, særleg i Radio Luftballett med sine 1000 spørsmål. <https://soundcloud.com/user-851133966> Prosjektet på Kabuso har arbeidstitel *Utopia Unlimited*, og vil ha fleire ulike realiseringar med samtaler og podcast. Intensjonen er å utvikle samarbeid med eksterne partnarar, som Arctic Arts Institute i Russland.

<http://arcticartsinstitute.com/en/> Tidsrom 2019-20

06 Katrine Meisfjord arbeider med sosiale kunstprosjekt, der utveksling av eigne forteljingar mellom deltakarar er eit sentralt element. Ho er invitert for å utvikle eit performativt verk i samhandling med deltakarar frå ulike sosiale og kulturelle grupper i området. Tidsrom 2019-20. <http://www.kunstguide.no/kunstnere/katrine-meisfjord/>

07 Anne Gry Løland tek utgangspunkt i mønster med rot i historisk materiale. Dei omarbeida mønstra brennas ut i tekstil ved hjelp av laser. Løland er invitert til å

arbeide med historisk materiale som er i magasina til Hardanger og Voss museum. Eit av hennar store verk er fasaden på HVL, Campus Kronstad. Tidsrom 2020. <http://anne-gry.blogspot.no/>

08 Kabuso er vidare i dialog med ei gruppe kunstnarar satt saman av **Ingrid Book/Carina Hedén, Helene Sommer, Thorbjørn Sørensen, Per Christian Brown, Elin T. Sørensen og Hege Nyborg**. Dei er svært interessert i å lage utstilling og verkstad på Kabuso med utgangspunkt i regionen si historie, naturen som refleksjonsobjekt – der mellom anna økosofi og fjordøkologi er part. Dei er og interessert i Johan Havaas' forskning på kryptogamar og skorpelav, samlingane ved universitet i Bergen og Duke University; gartnarskulen i Ulvik si samling med historiske eple, klonarkiver, genetisk mangfald og mutasjonar, sakna og trua sortar. Tidsrom 2020.

09 **Tamrat Gezahegn** er ein etiopisk kunstnar boset i Addis Abeba. Han er interessert i djup-økologi og vår forvaltning av kloden sine ressursar. Om økonomien strekk til, ønskjer Kabuso å invitere Gezahegn til å utvikle eit kunstnarleg prosjekt der siktlinene mellom Addis Abeba og Øystese kan spele ei rolle. (<http://www.punugoods.com/punutravelstories/2017/5/29/tamrat-gezahegn-left-a-note>)

Samarbeidspartnarar:

Universitetet i Bergen, v/professor Tor Tønsberg.
Granvin Bygdetun
Hardanger Folkemuseum, Utne
Grannehjelpa, Norheimsund
Internasjonal kvinnegruppe
Flyktningetjenesten

Formidling:

Som del av programmet planlegg Kabuso å tilby verkstad (workshop) til det faglege miljøet i regionen samt andre interesserte. Dette skal inkludere tilbod frå kunstnarane involvert med utstillingar og prosjekt, samt frå staben på Kabuso med si kompetanse (kunsthistorie, formidling, marknadsføring m.a.). Me har mellom anna erfaring med Internasjonal kvinnegruppe og Flyktningetjenesten, der særlig dei første har tatt i bruk Kabuso med omvisingar kombinert med verkstad.

Bornas Kabuso

Born og unge er satsingsområde for Kabuso. Kabuso arbeider allereie tett med skulane og for skuleelevar i Kvam er Kabuso ei naturleg del av utdanninga. Eit naturleg steg har difor vore å forsøke å knytte band til borna på fritida og gi rom for

born i institusjonen. Våren 2018 starta Kabuso ein kunst- og filmklubb for born – Bornas Kabuso. Ein laurdag i månaden har det vore kunstnarstyrte, kreative aktivitetar og visningar av animasjonsfilmer, korte og lange. Aktivitetane er lagt opp slik at borna kan gjere dei åleine, men og i lag med ein vaksen. På den måten knyt Kabuso også kontakt med foreldregruppa, som er eit yngre publikum enn kjernepublikummet lokalt. Kabuso vil vidareutvikle konseptet til å omfatta konsertar og andre kunstrelaterte aktivitetar, og arbeide med å knytte borna endå tettare til institusjonen. Fast ramme og ei styrka tilhøyrsløse er faktorar som har bidrege til den gode responsen. Klubben har vore populær med over 80 medlemmar. Han har nådd overraskande godt ut til svært ulike barnefamiljar, både etnisk, geografisk og sosialt. Brukargruppa opplever klubben som inkluderande, kor spreiding i alder og ferdigheiter ikkje er ei hindring. Ein viktig faktor framover er å halde medlemskontingenten låg. Bornas Kabuso er eit konsept under utvikling og er eit viktig tiltak for publikumsutvikling i Kabuso.

Kunstklubb for ungdom

Kabuso vil bygge vidare på det vellykka klubbkonseptet **Bornas Kabuso** og laga ein klubb retta spesielt mot ungdom. Klubben skal ha aktivitetar knytt til kunsthuskonseptet. Ungdom fell ofte utanfor i institusjonane si satsing. Dette er ei vanskeleg målgruppe å nå og ein må difor tenkje større brukarmedverknad for å lykkast. Ungdommane skal sjølv vere med å definera kva klubben skal innehalde og korleis han kan fungere. Bruk av sosiale medier vil vere sentralt.

Ingebrigt Vik museum på turne

Kabuso har ansvar for formidling av Ingebrigt Vik museum, samlinga etter bilethoggar Ingebrigt Vik frå 1934. Ikkje alle har høve til å komma til museet. Til dømes er det ikkje støtteordningar for å transportere barnehageborn til museet og eldre på institusjon er ikkje lenger i stand til å oppsøke museet. Kabuso ynskjer å drive meir oppsøkande formidling av museet og ta museet på turne. I samlinga finst eit variert utval bronsestatuettar som tåler frakt og eit utval kan danne ramma for formidlinga av Ingebrigt Vik sin kunst. Kabuso tar slik med kunstverka og formidlar dei der folk er.